



Notat

Dato: 06.03.2015
Arkivsak: 2015/2979-1
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

Til:	Fylkestinget
Frå:	Fylkesordføraren

Spørsmål til fylkesordføraren, fylkestinget mars 2015 **Frå Aud Karin Oen, SV**

Vedkomande sikring av Askøybrua og sak om overvaking.

I media kan ein lesa at Askøyfolket igjen har teke til med vakthald for å hindra sjølv-mord. Ein person er meldt sakna. Politiet har ikkje rykt ut ved naudmelding.

Viser til tidlegare spørsmål og svar i saka under. I svaret går det fram at utgreiing om fysisk sikring skal liggja føre i 2014/15.

1. Kor langt er prosessen komen og når kan ein venta seg denne utgreiinga førelagt politisk handsaming?

Svar: Ifølgje Statens vegvesen skal teknisk utgreiing om fysisk sikring på Askøybrua liggje føre i løpet av ein månads tid.

Når utgreiinga ligg føre vil eg be om at Fylkesrådmannen legg fram eiga sak om fysisk sikring av Askøybrua, der det må vurderast om tiltaket skal prioriterast og gjennomførast.

2. I media les eg at kameraovervaking er på plass, men at den ikkje er teke i bruk? Er dette rett at politiet ikkje har teke i bruk utstyret for kameraovervaking?

Svar: Frå og med 01.01.2015 vart det nye alarmsystemet operativt. Dette er eit videoovervakingssystem der brot på infraraude strålar utløyser ein alarm direkte til politiets operasjonssentral.

Hordaland politidistrikt har stadfesta opplysningar i media, der det kjem fram at alarman er utløyst meir enn 1600 gonger etter at systemet vart operativt. Med dette omfanget av feilmeldingar og falske alarmar vart alarmlyden til politiets operasjonssentral deaktivert. Tidsrommet for når alarmsystemet har vore deaktivert, har fylkeskommunen førebels ikkje fått stadfesta av Hordaland politidistrikt.

3. Kva kan fylkesordføraren i såfall gjera med dette?

Svar: Fylkesordførar er kjent med at Hordaland politidistrikt har teke kontakt med Statens vegvesen for å avklare korleis alarmsystemet kan forbetrast for å unngå feilmeldingar og falske alarmar.

I tillegg vil eg sjølv i løpet av kort tid invitere Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen for å bli direkte orientert om status for den operative driften av alarmsystemet.

